

# **Sted, tilhørighet og historisk forskning**

Lokalhistoriens form og funksjon  
i det 21. århundre

Redigert av Knut Sprauten

Norsk lokalhistorisk institutt  
Oslo 2007

# Innhold

Forord	7
Det nære og det mytiske <i>Thomas Hylland Eriksen</i>	13
Staden vi kjem frå, staden vi er på, staden vi skal til <i>Edvard Hoem</i>	25
Ei meir historisk reflekterande lokalhistorie? <i>Ingar Kaldal</i>	37
Kan lokalhistorisk forskning bli noe mer enn heimstادlære? <i>Jarle Simensen</i>	59
Historia och platskonstruktion – historikernas roll på den globala kulturmarknaden <i>Peter Aronsson</i>	73
Historie som legitimering – kan lokalhistorie skade? <i>Knut Kjeldstadli</i>	89
Den lokala dimensionen i svensk historieskrivning <i>Lars Nilsson</i>	111
Det urbanhistoriska landskapet i internationellt perspektiv <i>Lars Nilsson</i>	125
Det lokalhistoriske landskab i Danmark <i>Trine Malling Lungskov</i>	137
Den historiske forskningslandskap i Norden i dag – hvilken plass har den lokale dimensjonen i Finland? <i>Marjatta Hietala</i>	165
Forfatterne	175

© Norsk lokalhistorisk institutt, 2008  
ISBN 978-82-8186-003-2  
ISSN 0802-720X

Besøksadresse: Observatoriegata 1b, 0254 Oslo  
Postadresse: Postboks 8045 Dep., 0031 Oslo  
Telefon: 22 92 51 30  
Telefaks: 22 92 51 31  
E-post: nli@lokalhistorie.no

Utgitt med støtte fra Nordisk Kulturfond og Fritt Ord

Omslag og layout: Unipub AS  
Omslagsfoto: «Telthusbakken, Oslo». Unipub AS.  
Trykk og innbinding: AIT E-dit AS

Det må ikke kopieres fra denne boka i strid med åndsverkloven eller med andre avtaler om kopiering inngått med Kopinor, interesseorgan for rettighetshavere til åndsverk.

Staden er det vi er dømde til, den er like ufråkomeleg som skuggen. Derfor er forteljinga om staden ei djupt menneskeleg forteljing. Her er vi, men minna våre gjeld staden vi kom frå, draumane våre går mot staden vi eingong skal nå. Alle menneske, absolutt alle menneske, har desse tre stadene felles: Staden vi kom frå, den vi er på, og den vi skal til, den som ventar på oss. Denne siste staden er utopiens landskap, fantastisk uttrykt i diktet *Det er den draumen me ber på/ at noko vedunderleg skal skje/ at tidi skal opna seg/ at hjartet skal opna seg/ at dører skal opna seg/ at berget skal opna seg/ at kjeldor skal springa/ at draumen skal opna seg/ at me ei morgonstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst um.* Den ukjende vågen, det er draumen om at det eingong skal skje noko som ikkje var planlagt, utenkt eller føresett, at det skal vera eit landskap ein stad, som vi ikkje har greidd å utgrunne, men som skal opne seg for oss.

Når vi ser staden, kan vår livslagnad tre fram i nytt lys. Staden avgjer kor nær vi kan koma våre kjære, staden seier noko om kor langt vi sjølv har reist.

T.S. Eliot sa det slik: «*Og når vi eingong kjem fram til målet, viser det seg å vera staden vi kom frå, og vi synest at vi ser den for første gong.*»

## Ei meir historisk reflekterande lokalhistorie?

### Noen forslag til lokalhistorieskrivinga i framtida

Ingar Kaldal

Først vil eg takke Norsk lokalhistorisk institutt for sjansen til å ytre meg om ein av dei delane av norsk historieskriving som eg trur betyr mest for flest menneske. Det betyr ikkje dermed at lokalhistoria er verken den beste eller viktigaste historieskrivinga vi har. Men fordi lokalhistoria har så stor gjennomslagskraft, er ho også viktig å stille forventningar til, og ikkje minst: å diskutere ope og kritisk. Når ein får lov til å ytre seg om dette på sjølve 50-årsjubileumsseminaret til lokalhistorikarane eige institutt, gir det eit visst håp også om å det ein ytrar, blir lagt merke til.

No er dette eit innlegg i diskusjonen om lokalhistoria som kjem frå ein som slett ikkje er sikker på om han er lokalhistorikar. Det er ikkje det eg seier når eg presenterer meg som historikar, og det er ikkje det andre kollegaer heller tenker om meg. Samtidig er alt eg har skrive, på eitt vis lokal historie. Alt som eg ikkje har skrive på oppdrag, alt eg har utforma etter eigne idear, har på eitt vis vore lokale historieprosjekt. Det har vore studiar av arbeid og dagleliv i lokale miljø, i to fabrikkar, i ein by og i skogsbygder. Eg har stort sett utforska mine tema innanfor veldig avgrensa lokale rammer. Ein viktig grunn til det, er at det er sosial- og kulturhistorie eg har drive med, og da med tema innanfor arbeid og dagleliv som det har vore naturleg å utforske med lokalt tilskorne prosjekt. Når eg har skrive lokal historie, har det på eitt vis vore i tråd med antropologanes tese om at dei ikkje studerer landsbyar, men kulturelle forhold i landsbyar (eg kjem tilbake til spørsmålet om dette også hører til det lokalhistoria gjer, og om det også bør rekñast som del av lokalhistoria).

Eg vil dele innlegget mitt i tre: Først vil eg peike på noe av det eg ser som mest berikande og givande ved det å skrive historie om lokale forhold. Så vil eg kommentere noe av det eg ser som interessant ved tenkinga omkring lokalhistoria. Her vil eg reflektere kritisk omkring det eg ser som rådande program og tenkemåtar i feltet, og driste meg til å lufte noen alternative synsmåtar. For det tredje vil eg peike på noen eksempel på prosjekt, tema og problemstillingar som eg meiner lokalhistorikarar gjerne kunne gjort meir ut av. Her vil eg kaste fram noen spørsmål som eg trur ville gjort lokalhistorisk litteratur enda meir lærerik og spennande å lese – og da for alle typar lesarar, ikkje berre dei som hører til i det lokale miljøet litteraturen handlar om – men også for dei, ja kanskje mest for dei, når eg tenker meg om.

## Fordalar med lokale historiestudiar

Korleis vil eg argumentere, viss eg skal forsvere kvifor eg har vald å utforsme mine historieprosjekt som studiar kor eg har belyst utvalde tema og problemstillingar ved å undersøke korleis dei har arta seg i lokale miljø?

1. For det første: i små rom er det lettare å få oversikt over meir av det som finst i rommet samtidig, enn når romma er store. Dette er som når vi står i eit lite hus, da er det rett og slett overkommeleg å sjå samtidig kva fargar og utsmykking det er på alle veggane, kva det inneheld av møblar, og kva rot og rusk som ligg i alle hjørna, og minst like viktig: kva lys som kjem inn i rommet utanfrå, gjennom ulike vindauge og dører. Litt meir konkret: i lokalt avgrensa historieprosjekt er det overkommeleg å kombinere mange typar kjelder samtidig. Ofte blir det da også lettare å studere grundig og nært den verda kjeldene har vorte umiddelbart forma i (som ikkje alltid er det same som forma *av*) og dei aktivitetane dei ber i seg spor frå, og som dei dermed fortel noe om. Dette gjer det også lettare å bruke kjeldene til å belyse eit tema frå mange sider samtidig. Kanskje kan vi sjå dette som ei form for *empirisk nærheit*, eller eit slags *realismefortrinn* som lokale studiar gir.

2. For det andre gir små rom også ei menneskeleg nærheit som store rom ofte manglar (her òg kan det same seiast både om hus og historie). Når vi studerer eit historisk tema i lokal avgrensing, blir det ofte lettare enn elles å leve seg inn i det folk gjorde, og å sette seg inn i kva det dei sa og skrev, kan ha betydd. Det blir lettare å forestille seg korleis dei hadde det og korleis dei kan ha opplevd forholda. Sjølv når vi studerer lokale forhold som er veldig ulike dei vi sjølve lever under, blir det da lettare å gjøre dei «til våre eigne». Det er om dette antropologane gjerne seier «go native». Sjølv om historikarar ikkje snakkar om å «go past», er det noe liknande som ligg i frasen om å skrive historia på fortidas premissar. Poenget her er ikkje at det er verken muleg eller ønskeleg. For i begge tilfelle er det berre ved hjelp av fantasi ein kan gjøre noe i retning å oppfylle eit slikt program (for same kor mye ein kan late som at ein er ein av dei ein skriv om, er det aldri anna enn ei førestilling – inntil ein konverterer fullstendig (og det er kanskje muleg for antropologen, for historikaren er det verre å få til). Likevel er vilkåra i lokale prosjekt ofte gode for å gjenskape så mange sider ved det daglege tilveret til dei som levde der, at ein også har mye å spele på om ein vil leve seg inn i korleis dei hadde det, vel å merke i betydninga forestille seg det. Kanskje kan vi kalle dette ein slags *hermeneutisk nærheit*, eller eit *fantasifortrinn* ved lokale studiar.

3. I denne kombinasjonen, eller som effekt av at lokale historieprosjekt gir både fantasi og realisme (som berre tilsynelatande er motstridande) mye å spele på samtidig, ligg etter mi meinig eit tredje fortrinn som den lokale studien har: Når det lokale synsfeltet byr på eit mangfold av spor og inntrykk, føler eg ofte også at det blir lettare å snu og vende på perspektiva. Det gir mye å spele på om ein vil leike med fleire måtar å skildre eit tema på. Dette handlar ikkje om den mangfaldige tilgangen på kjelder og spor, men om blikket. Eit begrep eg liker å bruke om det, er å *desentrere blikket*. Med det tenker eg på det vi gjer når får fram andre sider ved noe ved å variere synsvinklane vi ser det frå. Dess breiare og mangesidig vi klarer å fange inn spor frå livet i eit lokalt miljø, og dermed også å få fram korleis eit tema heng sammen med mange

ulike trådar i den kulturen det utspelar seg i, dess lettare føler eg ofte at det blir å få fram i bildet også slikt som elles har lett for å bli sett som perifert, trivielt, ubetydeleg eller sjølvsagt. Kanskje kan vi sjå dette som eit slags grunnlag for *perspektivvariasjon*, eller eit *blikkvekslingsfortrinn*.

Dette er for meg tre viktige grunnar til at eg liker å bruke forskings-tida mi som historikar på lokalt tilskorne prosjekt. Eg seier ikkje at noen av desse tre fortrinna er umuleg å realisere også i studiar kor synsfeltet ikkje er lokalt, men kanskje nasjonalt. Men for meg fell det ofte lettare å få dette til i lokalt avgrensa studiar.

Kvifor ser eg meg ikkje dermed også som lokalhistorikar? Her kunne eg kanskje ha skulda på andre, at fagmiljøet omkring meg sjeldan har signalisert at eg er det (og ein er vel i sine sjølvbilde påverka av kva andre signaliserer at ein er?). Men svaret er meir at eg sjølv både har skulda og ansvaret for at det er vorte slik: eg har i fleire samanhengar ytra meg skeptisk til noen av dei trekka eg forbind med «lokalhistoria» både som rørsle og program. Likevel snakkar eg altså gjerne ivrig for lokal historieprosjekt, med blant anna argument som eg har skissert ovanfor. Og dette ser eg heller ikkje som verken ulogisk eller vanskeleg å foreine. Tvert imot.

## Lokalhistorie som lokalsamfunnshistorie

Eg har i fleire samanhengar polemisert mot tanken om at lokalhistoria bør skrivast «på lokalsamfunnets premissar». Den argumentasjonen skal eg ikkje gjenta her. I dag er det vel også grunn til å sjå problematiseringa av det programmet som ei forholdsvis ope dør som det er unødvendig å slå inn på nytt (sjølv om programmet enno av og til blir gjentatt som om kritiske refleksjonar har prella av som vatn på gåsa).

Eit anna tema det som sidan 1970-åra har vore vanleg å ytre programmatisk om lokalhistorie, har vore at ho skal handle om lokalsamfunnet og lokale samfunseinheitar, og at dei bør framstilla som totalitetar, heilheiter. Dette programmet blir gjerne presentert på to ulike måtar:

Delvis framstår det som eit krav om at alt ein skriv lokalhistorie om, bør sjääast i samanheng med eller del av samfunnet omkring. Delvis kjem det til uttrykk som definisjon av lokalhistorie: som historie om utviklinga i heile lokalsamfunn.

Det første er for meg nokså sjølvsagt, og da for alt vi skriv historie om: vi forstår alltid menneskelege forhold betre ved å sjå dei i samfunnsmessige samanhengar. Men same kor lokalt eit tema eller fenomen som vi studerer, er, så treng det slett ikkje å vere «lokalsamfunnet» det da heng mest saman med, og som det bør forståast som del av. «Samfunnsmessige samanhengar» kan vere trådar som kan trekkast både til mindre og nærmare omgivnader, og til mye fjernare og større omgivnader, enn til det som ofte blir omtalt som «lokalsamfunnet».

Den andre måten å utlegge programmet på, som i praksis er veldig vanleg, er at det er historie om heile lokalsamfunns utvikling som er lokalhistorias overordna, og i alle fall primære, tema og oppgåve. Det vil seie at det er ved å lage store og omfattande monografiar over heile lokalsamfunn, bygdebøker, byhistorier og etter kvart regionhistorier (såkalla «allmenhistorier») at programmet om lokalhistorie som samfunnshistorie blir best oppfylt. Men kor fruktbart er dette? Og korleis blir dette programmet oppfylt i praksis?

Her er det freistande å kaste fram ein litt råtten provokasjon. Og det er ein tanke som har lett for å dukke opp når eg opnar noen (ja, noen, slett ikkje alle) av dei tjukkaste lokalhistorieverka: er det som gjer dette historieproduktet til totalhistorie, først og fremst at det fyller totale plassar i bokhyller, eller ved at det har kosta så mye å lage dei at dei har slukt totalt den budsjettposten ein kommune har til å bruke på lokalt historiearbeid? Det siste er i så fall verre enn det første, for bokhyller let seg lettare utvide enn kommunebudsjett. Slike kjetterske tankar har lettast for å dukke opp når eg etter å ha leitt på kryss og tvers i tjukke kommunehistorieverk etter tydelege eller eksplisitte heilheitlege grep på analysen av det lokale samfunnet, blir sittande att med spørsmålet: er denne omfattande samlinga av informasjon om mange område av livet i kommunen i det heile prøvd tolka som heile, og kva er da perspektivet?

At slike grep blir presenterte i introduksjonskapittel og oppsummeringar, er heller ingen garanti for at lesaren blir mint mye på dei i den vidare lesinga, eller at det har fått sette sitt preg på analysen av dei ulike tema som boka elles handlar om.

Noe anna som eg trur får mange (fleire enn meg) til å tenke på slike bokverk som totalhistorie, er at dei gir inntrykk av å ha med litt om alt i det lokalsamfunnet dei handlar om. Ein får ofte også inntrykk av at det er det det handlar om når slike bøker blir omtalt som ei bygd eller ein by si «allmennhistorie». Men for å seie det kort og spisst: Det er forskjell på å skrive ei bok som har med «litt om alt», og å gi framstillinga av alt dette eit heilheitleg samfunnsperspektiv (på same måte som det er forskjell på å skrive bøker fulle av fakta om alskens fortidige forhold og å skrive historie).

På den andre sida er det heller ikkje nødvendigvis ved å lage historieframstillingar der «alt» (tilsynelatande) er med, at ein får det mest interessante perspektivet på kva slags samfunn det handlar om. Ofte kan det vere minst like lett å få dette til i artiklar og bøker om avgrensa tema, saker eller aktørar i eit lokalt miljø. Og ofte er det ved å gjennomanalysera avgrensa tema at ein også får til ei tankevekkande og lærerik belysning av kva slags samfunn temaet har utspelt seg i.

Når det gjeld dei tilsynelatande altomfattande bygde- og byhistorier, er det forresten alltid fornuftig å ta med «tilsynelatande» om det. For det er alltid feil å tru at dei verkeleg omfattar alt, same kor tjukke dei er, og same kor mange tema dei gir seg ut for å sveipe over. Det dei fleste menneska har brukta mest av si tid til, står det alt for ofte svært lite om også i slike historiebøker: eg tenker sjølvagt på arbeidet. Det er forresten eit tema som ofte er vorte mye grundigare skildra i heilt andre delar av historielitteraturen om lokale forhold enn i dei store oversiktsverka.

Skal ein først leite etter interessante heilskapande grep på lokalsamfunnet, bør ein ikkje utelukke at det av og til kan ha vore effektfullt til stades i delar av lokalhistoria som til vanleg ikkje blir omtalt verken som allmenhistorie eller lokalsamfunnshistorie. Her er det freistande å avlegge ein visitt også til gards- og slektshistoria. Det eg siktar til her,

er den jord- og gardeigedoms-sentrismen som ligg i måten mange slike bøker i alle fall før vart ordna etter (der framstillinga ikkje berre følgde gards- og bruksnummer-systemet i bygda, men var bygd opp med eit hierarki av informasjon kor forholdet til jordeigedom var ordningsprinsipp og strukturertande grep (og kor forholdet til jordeigedom ikkje sjeldan også verka inn på kor mye det sto om ein person eller familie).

Når eg ser lokalhistoriske bokverk som er ordna slik, tenker eg: Er det meir grunn til at det her skal stå mest om dei med mest jord, enn det ville vore til å skrive mest om individ og familar med mest pengar i banken, eller personar med gode skolekarakterar i matematikk? Det finst fleire gode grunnar til å ikkje ordne ein katalogisk historieframstilling av menneska og familiene i eit lokalsamfunn etter eigedom til jord. For mange menneske ligg det faktisk ein sterkt samfunnsplasserande effekt av å få ikkje berre seg sjølv, men slektingane sine, presentert i minimaliserte og pliktprega underavsnitt under dei storgardane som deira hus, heimar eller bruk var underordna.

Her vil mange sjølvagt kunne innvende at sånn er det ikkje lengre, så jordeigarsentristisk er ikkje norsk lokalhistorie. Nei, eg trur faktisk ikkje at det er dette som pregar det som blir skrive av lokalhistorie mest i dag. Poenget mitt er meir å minne om at noe så tilsynelatande uskuldig (noen vil også seie nøytralt, objektivt) som prinsippa for strukturering av ei gards- og slektshistorie, i praksis kan vere veldig effektfullt når det gjeld å skape eit bestemt heilheitssyn på lokalsamfunnet, og på ulike gruppars betydning i totalbildet.

Men kva slags sentraltema, samfunnssyn og tenkemåtar er det så som pregar norsk lokalhistorie? Og kva veit vi eigentleg om det? Vi veit mye om korleis norgeshistorielitteraturen er vorte brukt til å bygge nasjonen. Men kor mye er det skrive om korleis lokalhistoria er vorte brukt til å bygge lokalsamfunn? Og kva lokalhistoriske prosjekt har systematisk undersøkt kva slags innhald den same historieverksemda har vore med på å fylle lokalidentitetane med?

Det er bl.a. dette eg siktar til med overskrifta «meir historisk reflekterande lokalhistorie». Lokalhistoria er eit fagfelt som burde reflektert mye

meir over si eiga historie og sin eigen effekt og rolle i samfunnet. Korleis har dei måtane norske gards- og slektshistorier er strukturert på, vore med på å underbygge fordelinga av makt, status og posisjonar i norske lokalsamfunn? Og kva slag meir eller mindre uutalte premissar har ligge til grunn for måten lokale «allmenhistorier» har prioritert mellom tema, grupper og verksemder å skrive om? Og kva grep har prega forteljingane om ulike tema og spørsmål (dette er prosjekt som for eksempel Norsk lokalhistorisk institutt burde ta initiativ til – meir om det seinare)?

Her er det mye å lære av dei kritiske analysane som er gjort i seinare år av nasjonal historieskriving: Kva slags politiske «oppdrag» har lokalhistoria hatt (stillteiande så vel som uttalt)? Og har ho noe slikt enno i dag? Skal bygdeboka styrke innbyggjarane si tilknyting til bygda, eller førestillingar om bygda som noe for seg sjølv – og kanskje som verdt å bevare som eigen kommune? Skal Trøndelagshistoria hjelpe til med å samle to fylke til eitt? Skal nordnorsk lokalhistorie styrke nordlendingane si tru på seg sjølve som fiskarbønder, på botnen og i sjela, om ikkje i yrke? Eller er lokalhistoria vorte ei nøytral samfunnshistorie kor alt er med, ingenting er prioritert og ingen provosert? Og er det lokalhistoriarane likegyldig eller ivedkommande kva lokalpolitikarar bruker det dei skriv til å fremme i politikken?

Apropos namnet «gards- og slektshistorie» – kvifor heiter desse bøkene som skal gi oversikt over buplassar og familiar i norske bygdesamfunn enno det? Bidreg ikkje det namnet i seg sjølv til å bevare ei førestilling om at lokalsamfunn på bygda er gards- og slektsamfunn? Dei fleste som bur i norske bygdesamfunn – også såkalla jordbruksbygder – har i dag heilt andre relasjonar til bygda og medborgarane enn dei trådane som går gjennom gard og slekt. Kor mye har lokalhistorisk litteratur bidrege til å bygge opp, ja skape, førestillingar om at band til det lokale er spunne av jord og blod?

Ein annan måte å gjere dette på, kunne vere å lage ei «busetnads- og befolkningshistorie» som fortalte kven som har budd på dei ulike plassane, enten det er gardar, eineboligar eller andre bustader, og så kunne ein strukturert dette etter for eksempel landskap og ferdselsvegar. Det

kunne gitt ei framstilling som var interessant å lese også for den som ville reise rundt i bygda og finne ut noe om kven som har budd og levd ulike stader. Kor spennande vill det ikkje vere for innfødde så vel som innflyttarar og framande å ha med seg ei slags busetnadshistorisk vebok på turar rundt i det lokalmiljøet dei prøver å gjere seg kjende med. Viss ein kombinerte dette med små men lærerike omtalar av interessante tema frå liv som har vore levd på ulike plassar og i ulike hushald, ville dette kunne fungere som ei lokal reisehandbok som kunne gjere lesaren til ein slags turist i eiga heimbygd (og som både såkalla «lokale lesarar» og innflyttarar og andre innbyggjarar utan band til lokalsamfunnet gjenom jord og blod kunne ha stor glede av).

Kanskje kan dette brukast som utgangspunkt for å kaste fram tankar om eit alternativt program for lokalhistoria: lokalhistoria bør ikkje skrivast på «lokalsamfunnets premissar», men på «turistens» premissar. Tanken kan verke framand, men nettopp derfor kan det vere like greitt å la resten av dette innlegget sirkle omkring den ideen.

## Lokalhistorie på «turistens» premissar

Her bør det straks seiast at «turisten» ikkje må forståast i bokstaveleg meinинг, men som *metafor* for ei haldning til historia. Forresten er også «lokalsamfunn» innspunne i ein vev av metaforiske betydningars. Når vi seier «lokalsamfunnet», spelar vi alltid også på eit visst spekter av kulturelle betydningars og verdiar, langt ut over dei som kjem fram i vanlege definisjonar av ordet. Når vi seier «lokalsamfunn», vekker det tankar om noe nært og godt, noe folkeleg, demokratisk, moralsk riktig, antiautoritært, dugnad og samhald (assosiasjonane det vekker, varierer med konteksten, og med kva det da blir tenkt som motpol eller alternativ til. Det kan vere for eksempel «staten», «embetsmennene», «Oslo», «storsamfunnet», «politikarane», «Brüssel» eller «globaliseringa»). Derfor bør vi når «lokalsamfunnet» blir brukt i snakk om lokalhistorie, også forstå ordet som uttrykk for ei haldning både til historie, samfunn og politikk. Slik sett kan

«turisten» fungere som begrep for ein alternativ synsmåte eller haldning til lokalhistoria. «Turisten» har da andre betydningar og assosiasjonar knytta til seg enn «lokalsamfunnet», slik det blir brukt blant anna i programmet om å skrive lokalhistoria på «lokalsamfunnets premissar».

Før eg utdjuper dette vidare, kan det vere verdt å tenke over om ikkje «turisten» faktisk passer godt på viktige trekk ved vår tids lokalhistorie også om ein les det bokstaveleg. For mange plassar blir det faktisk brukt mye energi og ressursar på å profilere lokalhistoria nettopp for turistar. Og turistnæringa er truleg i mange lokalsamfunn den som bruker lokalhistoria mest aktivt av alle lokale aktørar. Og av og til opnar det dører til finansiering om ein har eit lokalhistorieprosjekt som kan seiast å ville trekke turistar til bygda.

La meg ta eit eksempel: For noen år sidan var eg med på ein del seminar i Trysil og Värmland, kor målet var å utvikle eit regionalhistorisk prosjekt på tvers av landegrensa. Musea i området sökte finansiering av det frå Interreg (EU's satsing på interregionale prosjekt i utkanten av EU). På noen av desse seminara snakka sentrale aktørar frå politikk og kulturliv i regionen varmt for prosjektet. Perspektivet var at eit slikt prosjekt var viktig fordi det kunne trekke fleire turistar til området. Blant argumenta vart det sagt at eit slikt prosjekt kunne få fram i lyset korleis dei bygdene det handlar om, i generasjonar hadde vore prega av at folk levde i pakt med naturen, med full tilgang til frisk luft og reint vatn. Andre peika på at eit slikt prosjekt kunne bidra til å auke talet på «turistovernattingsdøgn» i området (som var eit viktig begrep i målinga av turistnæringas eigen suksess). Prosjektet fekk solid finansiering frå Interreg.

Eksempelet treng neppe utdjupast for at fleire skal komme på eksempel på liknande måtar å argumentere for satsing på lokalhistoriske prosjekt. Turistnæringa er faktisk for lengst ein viktig aktør i norsk lokalhistorie. Og mye lokalhistorie blir faktisk skrive, utforma og presentert nettopp for turistane (ta for deg den lokale produksjonen av brosjyrar, utstillingar, guiding og merking av historiske attraksjonar i lokalmiljøet, og tenk over kven det er laga for, og kanskje også: kven som først og fremst bruker dei).

Men det er altså ikkje dette eg tenker på med «lokalhistorie på turistens premissar». Poenget er meir at alle som driv med lokalhistorie, både dei som skaper ho og dei som bruker ho (og: skaper ho ved å bruke ho), har godt av å prøve å sjå bygda og byen si historie frå ein synsvinkel som er «turistens». Her kunne ein brukt mange andre til dels synonyme stikkord enn «turist»: den framande, reisande, gjesten, vandraren, nykomlingen og innflyttaren. Det eg med «turist»-stikkordet vil signalisere eit ønske om, er lokalhistoriske framstillingar som får lesaren til å føle at det han/ho i utgangspunktet ser som sitt eige, som kjent, som del av sin identitet, «si historie», «sine røter» osv, framstår som framandt, overraskande, annleis, kanskje også som forunderleg og vanskeleg å fatte. Er det ikkje slik vi som turistar ofte opplever lokale miljø vi besøker? Og er det ikkje nettopp da vi også opplever besøket som givande?

Lokalhistorikaren kan ha godt av å ha ein slik «turist»-figur i tanke i fleire fasar av sitt arbeid. For det første gjeld det val av kva som er verdt å skrive lokalhistorie om: Kva tema ville kunne her verke til å forundre eller pirre utforskartrongen til ein framand? Men enda meir (og for det andre) handlar det om framstillingsformer: korleis kan vi fortelje om det lokale slik at det framstår som framandt, og som verdt å undersøke nærmare? Dette gjeld ikkje minst tema som lesarane har lett for å tru at dei kjenner godt frå før, og som det er lett både å ta for gitt som viktig og å ha fastgrodde og udiskuterte (og udiskuterbare) oppfatningar om. Sjølv det mest sjølvsagte og kjente kan ein med litt vri på forteljinga og perspektiveringa få til å framstå i andre fargar og lys enn det som er forventa. Da kan det ein elles kanskje vil lese meir om fordi ein trur ein har forstått frå før kva det handlar om, også framstår som verdt å diskutere, forklare og reflektere kritisk over. Målet bør vere å få fram korleis sjølv det tilsynelatande mest sjølvsagt aldri berre seier seg sjølv, men kan sjåast på fleire måtar. Det er når det ikkje lenger seier seg sjølv korleis noe var, at det også blir meir å seie om det, og ikkje minst: tankevekkande og refleksjonsskapande (og ikkje berre stadfestande) å lese meir om det.

For det tredje handlar dette om å skaffe (og skape) seg leesarar som søker overrasking meir enn stadfesting. Nettopp den som føler «si» lokale historie som kjent, forståeleg og kanskje fylt av gode tema å identifisere seg med, kan ha godt av å få dei same tema framstilt på måtar som er tankevekkande og provoserande, og som gjer det muleg å sjå dei i kritisk lys – for ikkje å seie: muleg også å ta avstand frå (i alle fall å sjå frå fleire synsvinklar). Eg trur at ei lokalhistorie som kunne dyrke eit slikt «turistblikk», ville bli nyskapande og lærerik for alle. Og da tenker eg både på turistar i bokstaveleg meinung (som altså er både mange og viktige brukarar av lokalhistorie), og på såkalla «lokale lesarar» som kunne få forholdet til (såkalla) «eiga» lokalhistorie framandgjort gjennom eit «turistblikk».

«Framandgjering» vil da også kunne lesast positivt: slik turistar ofte blir glade i stader og miljø dei opplever som framande, annleis, rare og litt uforståelege, vil «lokale lesarar» av «si» lokalhistorie også kunne utvikle ein ny type interesse for sitt lokale miljø, fordi det gir dei noe anna og meir nyskapande enn stadfestingar av «kven dei er» og «kor dei kjem i frå».

Den brukaren av lokalhistoria som kanskje ville hatt best av å bli pådytta eit slikt «turistperspektiv» på «eiga» historie, er den som er mest rotfast knytta til miljøet gjennom jord og blod, for eksempel som ætling i n'te ledd av ei bygdas slekter. I den grad denne personen er interessert i lokalhistorie (og det er jo slett ikkje nødvendigvis tilfelle), så trur eg nettopp denne brukaren ville hatt mye å lære av ei lokalhistorie som er skriven og presentert med turistblikk. Kanskje dette også er den lokalhistoriebrukaren som ville føle seg støytt frå ei slik lokalhistorie. Det kan vere lite triveleg å få sine eigne røter framandgjort, sin identitet problematisert, og sine mest sjølvsagte lokale sanningar snudd på. Men på same måte som mange turistar blir tiltrekkte av stader kor miljøet verkar framandt, annleis og forunderleg, trur eg mange fleire leesarar ville finne ei framandgerande historie om «eige» lokalsamfunn både interessant og tiltrekkande, enn dei som dermed ville vende lokalhistoria ryggen (og kanskje har lokalhistoria godt av at noen gjer det også?)

## Prosjekt ein kunne ønske seg fleire av frå lokalhistoria

Så vil noen innvende, at i dag finst det ein del av det eg her etterlyser også i den lokalhistoriske litteraturen. Eg har ikkje lest nok til å avvise at dette finst, og at det kanskje er i vekst (eg håper jo det). Men eg har faktisk lest nok lokalhistorie til å kunne påstå at dei grepa eg her har argumentert for ikkje akkurat er noe utprega gjennomgangstrekk ved norsk lokalhistorie.

La meg nemne noen typar prosjekt som eg meiner det er for lite av i lokalhistorielitteraturen. Fleire av dei er prosjekt som det kanskje er små sjansar for å få meir av viss «lokalsamfunna» sjølve (les: dei som bestemmer over pengebruk til slikt i kommunane) skal få fortsette å bestille si eiga historie. Det kan fort gjere forslaga mine utopiske, fordi dei vanskeleg vil finne støtte i lokalhistoriemiljøas maktgrupper. Men nettopp derfor kan ein også sjå dei som viktige å prøve ut, og i alle fall spørje etter. På spørsmål om kva løysing eg har på det problemet lokalhistorikarar kan få ved at kommunar ikkje vil betale for den type prosjekt det her handlar om, har eg ikkje noe godt svar. Å sleppe å svare på det, kan verke arrogant. Samtidig: når dette blir reist som eit problem som så å seie vil gjere synsmåtan mine utopiske, er vel det også eit tydeleg teikn på at lokalhistoria her har eit problem med å framstå som fri, sjølvstendig og kritisk reflekterande.

Dei forslaga eg her vil nemne, er ikkje del av noe heilskapt program. Her bør vi hugse at turistar er svært forskjellige, dei søker ulike opplevingar i sine besøk. I tråd med det kan det vere meir fruktbart å lansere eit program for større mangfold, enn for eintydige alternativ.

### 1. Fleire bøker og artiklar både om utvalde enkelttema, og med systematisk utprøving av ulike samfunnsperspektiv

No blir det brukt nokså bra med pengar til å skrive lokalhistorie i Norge. Derfor vil eg driste meg til å nemne at kanskje kunne ein i alle

fall tatt litt av dei pengane som elles blir brukt på å lage kjempetjukke og monumentale oversiktsverk, og fordelt dei på andre prosjekt om meir avgrensa lokale historietema. Samtidig kunne oversiktsprosjekta gjerast litt mindre altoppslukande. Da kunne desse kanskje også bli litt lettare å lage dristig og eksperimentelt.

Eit problem med dei store monumentalverka er at dei kan ha lett for å etterlate seg eit inntrykk av at no har lokalsamfunnet endeleg har fått si heile og fulle historie. Det problemet har to sider, kor den eine handlar nettopp om pengar: for etter fullført storarbeid med ei by- eller bygdebok kan det fort bli lett å seie at no har kommunen brukt nok pengar på lokalhistoria for ein periode. Her er det sjølvsagt også muleg å tenke seg ein omvendt effekt, ved at den store monografien stimulerer interessa for historie såpass at både lesarar og betalarar blir positive til å bruke enda meir pengar på lokalhistorie. Her kan ein berre gjette om kor mye meir eller mindre pengar ein ville fått til andre historieprosjekt med eller utan desse storprosjekta vel i hamn. Uansett er det her freistande å kaste fram den tanken at det truleg er ved å la også dei store monumentalverka bli solid prega av kritisk refleksjon over ulike perspektiv at dei også kan stimulere vidare vekst i interessa for lokalhistorie.

Da er vi inne på den andre sida av dette problemet, som kanskje er meir alvorleg: og det er det inntrykket lesarane av slike monumentalverk lett kan få av at no er totalhistoria til lokalsamfunnet endeleg skriven (at det etter slike boklanseringar ofte dukkar opp reaksjonar frå grupper som synest deira historie ikkje er vorte tilstrekkeleg tatt med i verket, kan sjølv sagt sjåast som teikn på at slike bøker ikkje blir ukritisk mottatt som endelege og heildekkande – samtidig viser slike diskusjonar ofte nettopp kor sterke forventningane er til slike bøker om å skulle vere heildekkande og altinkluderande).

Truleg sit også mange forfattarar av slike verk med noe av den same kjensla, av å skulle skape den eine «Historia», den store lokalhistorieboka som skal bli ståande (og berre supplerast når lokalsamfunnet har gjennomlevd nye epokar). I så fall er det også naturleg om ein i slike bøker blir mindre dristig til å prøve ut bestemte perspektiv, og diskutere

dei kritisk. For den som skriv noe som skal bli ståande, ligg det kanskje ikkje naturleg å eksperimenterer med perspektiv å bygge framstillinga på. Og å diskutere kritisk og ope kva søyler historia står på, kan da kjenast beint fram risikofylt.

Sjølv sagt finst det lesargrupper som ikkje tenker slik om monumentalverka, og som bruker dei på nokså andre måtar. Det er stadig ein del (kanskje nokså mange) som nettopp ikkje les desse bøkene som totalitetar, verken i betydninga heildekkande eller totalitetsperspektivert. I staden bruker dei desse omfattande bøkene til å leite opp enkelttema og opplysningar som dei er interesserte i. For dei er desse tjukke bøkene plassar å slå opp i for å finne historisk informasjon om personar, grupper, verksamheter og plassar, men også utvalde tema. Slike lesarar vil sjølv sagt ha god nytte av å få bøker som har med litt om alt, særleg viss boka er så tjukk at det er plass til mye om dei ulike tema som er med. Men her bør ein som sagt ikkje tru at det er ved å oppfylle denne lesarinteressa mest mulig fullstendig at ein også gir framstillinga eit totaliserande samfunnsperspektiv. Og da kan ein spørje seg: ville også den leksikalske interessa for mest muleg informasjon om enkelttema, i mange tilfelle vorte betre tilfredsstilt med tematisk avgrensa bøker? Der ville det vore plass til å gi dei tema det handla om, mye meir grundig framstilling og dokumentasjon enn ein kan gi dei i bøker kor flest muleg ulike tema skal innpassast, på den tilmalte plassen som da må bli tilgjengeleg, når alt og alle skal ha sitt.

Det kan hørast ut som om dette er ein argumentasjon for å nedprioritere samfunnsperspektivet i lokalhistoria. Det er slett ikkje meininga, tvert imot: Dei som er interesserte i totalperspektiv på sitt lokalsamfunns historie, burde fått bøker som både gjennomfører slike totalperspektiv meir konsekvent, og som diskuterer perspektiva meir systematisk. Og dei burde få fleire slike bøker å velje mellom, om sitt eigne lokale samfunn.

Og viss desse oversiktsprosjekta kunne gjerast mindre altoppslukande, kunne det altså gi litt meir rom og ressursar til enkeltprosjekt om avgrensa tema. I tråd med «turistperspektivet» burde det kunne lagast fleire prosjekt kor målet er å belyse systematisk og grundig utvalde tema

og aspekt ved livet i lokalsamfunnet. Og same kor sterkt ein avgrensar eit tema eller felt i slike prosjekt, kan dei nettopp ved å grave djupt og grundig i det temaet det handlar om, også kaste nytt lys over kva slags samfunn dei har utspelt seg i. Slik sett handlar dette heller ikkje nødvendigvis om å satse enten på tematisk avgrensing eller på bøker som bidreg til diskusjon om kva slags samfunn eit lokalsamfunn er og har vore. Dette let seg godt kombinere.

Her bør det føyast til at det innanfor den omfattande produksjonen av by-, bygde- og regionhistorier også finst gode eksempel som burde tilfredsstille eit turistblikk ved at dei både borrar djupt i tema som ikkje er forventa, og tek lesaren med på kritiske refleksjonar over korleis ulike perspektiv kan kaste lys over det samfunnet dei handlar om. Og berre for å ha sagt det: forslaget mitt er ikkje å slutte å skrive oversiktsverk, men å ta litt av dei store ressursane dei krev, og bruke på andre prosjekt. Dessutan er det eg etterlyser, meir refleksjon over perspektiv, og djupare graving i enkeltema, muleg å gjere meir av også innanfor rammene av store monografiar som har som mandat å sveipe breitt og stort.

No varierer det kor breitt og mangfoldig dei lokalhistoriske monografiane faktisk femner ulike tema frå livet i dei lokale samfunna dei handlar om. Men i dei fleste tilfella er det stadig god plass til å lage nye prosjekt som tek opp tema som har hamna enten i periferien eller utanfor det bildet som er utpensla i den såkalla «allmenhistoria». Eit poeng som her bør nemnast til slutt, er at det oftare også burde brukast profesjonelle historikarar til å skrive bøker om spesielle tema i lokalhistoria. I dag er det vorte nokså normalt å bruke godt kvalifiserte forskarar til å skrive dei store monografiane, medan skrivinga av bøker om meir spesielle tema enno har lett for å ikkje bli sett som like viktig å overlate til forfattarar med sterk fagleg kompetanse. Kanskje er det ut i frå ei førestilling om at presten alltid kan skrive kyrkja si historia, medan «allmenhistoria» er så krevjande at det må ein faghistorikar til? Til det er å seie: å skrive tjukke bøker kor det er med litt om alt, treng ikkje å vere så fagleg krevjande som å skrive gode analysar av eit avgrensa tema. I alle fall gjeld det viss ein skal forvente at dette temaet blir analysert med blikk for korleis det har vore

prega av ulike krefter i det samfunnet det har utspelt seg i. Kravet til å kunne reflektere kritisk over krefter og samanhengar, forfølge spørsmål og hypotesar, og teste ut perspektiv, bør ikkje stillast mindre strengt til den som skriv om eit avgrensa tema enn den som skriv litt om alt.

## 2. Få fleire kritiske analysar av *makt og maktbruk* i lokale samfunn

«Lokalsamfunn» har som sagt lett for å bli tenkt som pr. definisjon gode samfunn. I alle fall gjeld det når dei inngår i historier kor dei står i motsetning til «storsamfunnet». Men har dei alltid vore gode?

Viss eg seier at eg ønsker meg fleire historiebøker om «undertrykkande lokalsamfunn», er eg nokså sikker på at mange – ikkje minst i lokalhistoriemiljøa – vil reagere negativt. Sjølve ordkombinasjonen kling därleg: «undertrykkande lokalsamfunn». Kanskje kjennest heile tanken nokså framand. Viss eg så spurte dei som er vere einige i det, om dei likevel kjenner eksempel på at lokalsamfunn er og har vore undertrykkande, trur eg dei fleste ville kunne svare ja. Samtidig er det truleg få som har lest lokalhistoriske analysar av fenomenet: kor mange lokalhistoriske bøker kjenner vi til kor undertrykkande aspekt ved det lokalsamfunnet er vorte sett systematisk i søkelyset.

Eg ville altså ha likt å lese fleire framstillingar om makt, dominans, om korleis dei som har styrt og dominert lokale miljø har gjort det, kva som har gitt dei makt, og om kva det har betydd for andre, dei som ikkje har hatt makt i dei same samfunna.

For å konkretisere dette litt: vi kan lære mye av å lese lokale historieframstillingar om korleis lokale forsøk på å gjere noe annleis, har mislykkast. Her finst mye å ta av: foreiningar som er vorte starta, men som ikkje fekk folk i lokalmiljøet med seg; bedrifter som har prøvd seg, men ikkje fått tilstrekkeleg støtte eller godvilje lokalt til at dei kom i gang; idear som handla om å gjere noe annleis, og som ikkje vart realiserte fordi dei støytte mot fastgrodde lokaloppfatningar. Mye slikt har også komme godt i gang, men så etter kvart vorte dupert, utstøytt eller undertrykt. Mange slike fenomen som aldri vart lokalhistorias seierher-

rar, kan vere interessante å bli kjent med i seg sjølv. Samtidig: kor mye ville ikkje slike historier også kunne lære oss om kva som har prega og dominert i eit lokalt samfunn?

Apropos refleksjonane ovanfor om lokalhistorias forhold til gard og slekt, eller jord og blod. Kor mange bygdebøker er det som har analysert grundig samanhengane mellom jordareal eller blodsband og fordelinga av makt i lokalsamfunnet? Kva har for eksempel jord- og skogareal betydd for sjansane til å bli ordførar i bygder med mye jord og skog? Og korleis har slike forhold verka inn på sjansane til å få gjennomslag for forslag i jordstyre eller jaktnemnder? Og har dette forandra seg?

Her finst uendeleg med tema å ta av for den som vil undersøke systematisk kva som rår og har rådd i eit lokalmiljø av inngrodde tenkemåtar, sanningar, talemåtar, moralske kodar og makt. Kva har (og har ikkje) vore sett på som lov, akseptert og godtatt, og kva har vore stigmatisert, fordømt og fortrentg fortømt i lokalsamfunnet? Og omvendt: kva har vore dyrka som lokalmiljøets heltetema? Og for å lage overgang til neste punkt: har lokalhistoria sjølv bidratt til noe av dette?

### 3. Lokale historieoppfatningar som lokalhistorisk tema i seg sjølv

Ofte har eg lurt på: kvifor er det så lett å forutseie at når eit by-, bygde- eller regionhistorisk prosjekt blir sett i gang, så ligg ein konklusjon i lufta om at det området som hører til den administrative eininga som bestilte verket, har vore eitt samfunn, med felles identitet og (sjølvsagt): felles historie?

Her kunne ein ønske seg fleire prosjekt som verkeleg undersøkte meir kritisk korvidt det ein har lett for å tenke på som «lokalsamfunnet» også har verka som eitt lokalsamfunn – og da både om det verkar som det i dag, i kva forstand det gjer det, og om det har gjort det før. Slike prosjekt ville kunne skape historisk refleksjon både over eigne identitetar og eigne førestillingar om fellesskap. Korleis er våre røter, sjølvbilde og fellesskap vorte til, kva har skapt dei, gitt dei energi og halde det saman, og korleis har den (eventuelle) felles identiteten kanskje også vorte fylt med varierande innhald i ulike tider?

Når det gjeld slike lokale tenkemåtar hører truleg lokalhistoria sjølv ofte til ein av dei verkeleg sterke aktørane. Korleis ber ho sjølv preg av lokale tenkemåtar, og korleis har ho sjølv vore med på å forme bildet av og samtalens om bygda, og «lokalsamfunnet»? Kva verdiar, tema og sider ved norske lokalsamfunn har norsk lokalhistorie framheva og styrka? Og kva har ho gått taust forbi, eller framstilt som sjølvsagt og trivielt? Og har ho hatt noen ikkje-tema? Kva har lokalhistoria gjennom å prege den lokale historiesamtalen også vore med på å fortrenge, halde utanfor? Finst det noe ho har stukke under stolen for å gjere historia meir effektivt i si bygging av lokalsamfunn og identitet? Norsk lokalhistorisk institutt burde ta initiativ til eit eller fleire historiografiske og kulturhistoriske prosjekt om lokalhistorie som lokalkultur- og lokalsamfunnsformande kraft.

Om eg fekk vere med på å utforme eit slikt prosjekt, ville eg forresten ikkje avgrensa det til å analysere lokalhistoriske tekstar, men også tatt for meg også andre krefter som er med på å forme og uttrykke lokal historienkenking. Eg ville ha intervjua folk om fortid, notid og utvikling. Slik kunne ein fått fram korleis historiske tenkemåtar, forteljingar, anekdotar, førestillingar har prega kulturen til folk til dagleg. Også for dei som aldri les lokalhistorie, har forteljingar om kva som har skjedd i lokalmiljøet vore ein del av dagleglivet. Og gjennom slike forteljingar har folk forma sitt forhold til både historie og lokalsamfunn. Kva legg folk som snakkar om fortida i eit lokalt miljø, vekt på, kva personar blir det da fortalt om, som heltar/skurkar, som vellykka/mislykka? Korleis blir det fortalt? Er det bestemte typar tema, moralske synsmåtar og kulturelle kodar som pregar praten da?

### Argument for å satse meir på prosjekt av den typen eg her har snakka ein del om:

1. Det vil gjere lokalhistoria til *better lokalsamfunnshistorie*: Poenget er som sagt ikkje å gi opp samfunnsperspektivet, heller ikkje å slutte å lage oversiktshistorier om lokale samfunn, men å lage fleire prosjekt

som belyser lokale samfunn frå varierande og overraskande synsvinklar. I ei såkalla «allmenhistorie» kan ein aldri så mye ha med litt om alt, og skape ei kjensle av å ha overskodet heile lokalsamfunnet frå eit fugleperspektiv. Men innsikt i korleis det same samfunnet verkeleg har fungert, viss det har gjort det, får ein ofte betre i studien av eit spesielt tema, ei hending eller ei sak, kor ein rettar systematisk lys mot korleis makt, verdiar og normer har prega livet konkret (Apropos turisten: Turisten flakkar ikkje høgt over, men syg til seg inntrykk frå spesielle tema i lokalmiljøet, i gata, kyrkja, men også i samtalar med representantar for «folket». Og ved å besøke dei der dei lever, og sjå korleis dei har det annleis enn ein er vand med, dannar den gode turisten seg ofte også gode inntrykk av samfunnskrefter og kultursærpreg).

2. Det vil kunne gjere lokalhistoria til ein *better reiskap for å reflektere historisk over både våre eigne og andres identitetar*. Apropos touristblikket, og det å få framstilt «eiga» historie som framand og annleis enn det ein trur ein kjenner frå før: vi identifiserer oss ofte sterkare og meir engasjert med det som er forskjellig frå oss enn det som er likt oss. Identifikasjon blir forresten brukt både om likhet og om kjensler av å høre til, føle for og sympatisere med. Dessutan: Viss vi tenker på kva vi identifiserer oss med lokalt, er det sjeldan heile lokalsamfunnet (og aldri alt i lokalsamfunnet). Da handlar det som regel om spesielle personar, aktørar, grupper, plassar, verksemder, sider ved livet, erfaringar og minne med eit eller anna meir eller mindre spesielt. Skal lokalhistoria hjelpe oss med å bli bevisst om dette, må ho ikkje ta for gitt at lokal identitet er retta mot lokalsamfunnet, men få fram korleis lokale identifikasjoner kan spinnast av ulike trådar.
3. Lokale historieprosjekt som rettar framandblikk mot lokalmiljøa, vil kunne bidra til *styrke toleransen for det som er annleis*, både i våre eigne lokalmiljø, og det som kjem utanfrå (og det vil norske lokalmiljø faktisk trenge i tida framover). Ei lokalhistorie som gir oss trening i å sjå på «vårt eige», «oss sjølv» og «røtene våre» som framande, annleis, diskuterbare og kanskje eksotiske, vil kunne skape forståing for det som er framandt ved dei «andre» uansett kor dei finst.

4. Ei slik lokalhistorie ville bli *meir interessant både for såkalla «lokale leiarar» og folk langt ut over lokalpublikumets grenser*. Ikkje berre turistar, men også andre historiensgjerrige, let seg gjerne fascinere av det som lærer dei noe nytt, uavhengig av kor det har skjedd. Lokalhistorikarar bør forresten slutte å tenke på publikumet sitt som «lokalt», og nærmast pr. definisjon interessa i historie berre fra «sitt» lokale miljø.
5. *Meir fornuftig pengebruk på lokalt historiearbeid*. Ved å bruke litt mindre pengar i eitt jafs på kjempestore by- og bygdebokprosjekt, kunne ein kanskje jamne ut pengebruken på lokalt historiearbeid over lengre tid, og spreie den på eit større mangfold av prosjekt. Poengt er ikkje å argumentere mot store eingangsprosjekt. Men blir dei for store, kan dei bli eit argument mot å bruke pengar på nye prosjekt som også fortener å bli gjennomført på grundig og solid basis.
6. Med ei noe større satsing på avgrensa enkeltprosjekt som eksperimenterer både med tema og perspektiv, *ville lokalhistoria ikkje så lett framstå som fullført eller uttømt, men heller vekse kumulativt*. Dessutan ville fleire av dei prosjekta eg her har ønska meg meir av, også kunne velkje så mye irritasjon, debatt og liv i lokalhistoriemiljøet at det i seg sjølv kunne tenkast å føre til at nye prosjekt berre «må» settast i gang.